






« Ikkje noko europeisk land – med Storbritannia som det opplagde unntaket – set i dag si lit til at såkalla «naturleg» språkutvikling skal kunna sikra den framtidige tilstanden til nasjonalspråket »

## INNHALD

■ Føreord .....	5
■ Tilbakeblikk og utsyn .....	6
■ Språkdagen 2008 .....	8
■ Språkprisen 2008 .....	10
■ Rådgjeving .....	12
■ Informasjon .....	13
■ Rettskriving, ordbøker og ordlister .....	16
■ Norsk språk og IKT .....	18
■ Terminologi og fagspråk .....	20
■ Skule og undervisning .....	22
■ Høgere utdanning og forskning .....	24
■ Lov om målbruk i offentleg teneste .....	26
■ Språktenesta for statsorgan .....	27
■ Stadnamntenesta .....	28
■ Nordisk samarbeid .....	29
■ Internasjonalt samarbeid .....	31
■ Sekretariatet .....	32
■ Fagråda .....	33
■ Stadnamntenesta .....	35
■ Budsjett og rekneskap .....	36
■ Vedtekter for Språkrådet .....	37



«I 2008 fekk saka avklaring i Kultur-  
departementet; regjeringa bestemte at  
Språkbanken skal etablerast, og det er sett av  
2,5 millionar kroner til det føremålet i 2009.»

# FØREORD

Året 2008 var det første året det nye Språkrådet var i drift med organisasjonen i full breidd og med tilsette i alle planlagde funksjonar. Omdanninga, som tok til i 2004, varde såleis fram til hausten 2007. Ikkje uventa hadde Språkrådet større arbeidsvolum og fleire tiltak i 2008 enn i dei fire føregåande åra.

Den viktigaste språkpolitiske hendinga i 2008 skjedde 27. juni då kulturminister Trond Giske la fram St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening*, med undertittelen *Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Eit av dei viktigaste grunnlagsdokumenta for denne meldinga – og for St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer* frå Kunnskapsdepartementet 23. mai om språkstimulering og språkopplæring – er utgreiinga Språkrådet la fram i oktober 2005, *Norsk i hundre!*

I november 2007 vart Språkdagen arrangert for første gong. Dette skal vera ei årviss tilskipping, lagd til første halvpart av november, med eit viktig språkpolitisk emne som tema. Fagrådet for skule og offentleg forvaltning la til rette Språkdagen 2008. Temaet var norskundervisninga for ungdom med innvandrarakgrunn og språkbruken i statlege skjema.

Språkrådet fekk ny styreleiar i 2008. Seinhaustes i 2007 vart Tora Aasland statsråd i Kunnskapsdepartementet og gjekk dermed frå vervet som styreleiar i Språkrådet. Nestleiar Magni Øvrebotten fungerte fram til 22. februar 2008, då Kulturdepartementet utnemnde Ida Berntsen til ny leiar for styret i Språkrådet.

Oslo, mai 2009

Ida Berntsen  
styreleiar

Sylfest Lomheim  
direktør

# TILBAKEBLIKK OG UTSYN

Målet for det nye Språkrådet, som vart etablert i 2005, ligg fast: Språkrådet har som si fremste oppgave å arbeida for at norsk språk også i framtida skal vera eit funksjonelt og fullverdig språk på alle samfunnsområde. Om vi skal greia dette utover i det hundreåret vi har teke til på, føreset det ein handlekraftig politikk. Få trur vi kan nå målet utan offensive tiltak og offentlege satsingar.

Eit avgjerande steg i den språkpolitiske nyorienteringa vart teke då kulturministeren la fram stortingsmeldinga om ein ny heilskapleg språkpolitikk, St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og mening*. Det skjedde på Litteraturhuset i Oslo. Tidlegare hadde Kunnskapsdepartementet presentert sin del av språkpolitikken til regjeringa ved å leggja fram St.meld. nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer* 23. mai. Dermed har det skjedd at regjeringa i 2008 la fram to stortingsmeldingar om språkpolitikk. Noko slikt har ikkje hendt før. Den førre stortingsmeldinga om språk var St.meld. nr. 100 (1980–1981), og ho handla om rettskrivinga for bokmål.

Begge dei to meldingane i 2008 handlar om strategi for å tryggja norsk. Meldingane markerer slik tydeleg den språkpolitiske nyorienteringa som har gått føre seg på totusentalet. Desse to meldingane syner at vårt land no er på line med den språkpolitiske debatten i landa rundt oss. Ikkje noko europeisk land – med Storbritannia som det opplagde unntaket – set i dag si lit til at såkalla «naturleg» språkutvikling skal kunna sikra den framtidige tilstanden til nasjonalspråket.

Det viktigaste å melda elles frå 2008 er at det var det første heile driftsåret då alle funksjonar og alle stillingar i det nye Språkrådet var på plass. Difor var det høgre aktivitet og større breidd i tiltak og prosjekt dette året enn noko føregåande år etter at omdanninga tok til i 2004.

Dei fire fagråda (jf. s. 25), som vart etablerte i 2006 som ein del av den nye organiseringa, avslutta den første toårsperioden ved årsskiftet. Det var semje om at det ikkje var behov for å gjera justeringar i organisasjonen no etter så kort tid, men styret ynskjer full evaluering av det nye Språkrådet i slutten av 2010, når to fagrådsperiodar er over.

Språkdagen er etablert som ei årvis markering i første del av november. Arrangøren i 2008 var fagrådet for skule og offentleg forvaltning. Arrangementet var lagt til prøvesalen i den nye Operaen og samla fullt hus.

Styret la septembermøtet sitt til Aasen-tunet i Hovdebygda i Møre og Romsdal. Språkrådet nytta dette høvet til å ha eit ope møte med publikum og kontaktmøte med representantar for det lokale næringslivet. Styret tek sikte på å følgja opp med eit liknande opplegg i 2009, truleg i Nord-Noreg.

Samarbeidet mellom Språkrådet og den statlege forvaltninga resulterte i ein avtale med det nye direktoratet for forvaltning og IKT under Fornyrings- og administrasjonsdepartementet. I slutten av året vart samarbeidet formelt oppretta. Språket i staten er eit satsingsområde for FAD. Arbeidet med språk i offentlege skjema fekk god medieomtale i 2008.

Rådgevingarbeidet, der vi svarar på spørsmål frå publikum, hadde om lag same omfang i 2008 som i 2007. Det vart svara på rundt 7200 førespurnader. No er talet på spørsmål monaleg høgre, i og med at ein førespurnad i mange høve inneheld meir enn eitt spørsmål. Tendensen elles er stadig den same – det blir færre telefonspørsmål og fleire e-postspørsmål.

Kontakten med publikum er satsingsområde i den nye strategien, og direktøren har også i 2008 lagt vekt på å halda foredrag (rundt 40 i 2008), vera synleg i media og ha andre former for kontakt med publikum og det offentlege.

Nettsidene vart lagde om i 2008. Dei fekk utsjånad i samsvar med den nye grafiske profilen, og dei fekk òg ny innhaldsstruktur. Også bladet *Språknytt* fekk ny utsjånad og ny innhaldsredigering. Rådgevingstenesta, nettsidene og *Språknytt* er dei breiaste kanalane mot publikum.

Spørsmålet om å oppretta ein nasjonal språkbank har vore ei av dei språkpolitiske kampsakene den siste tiårsperioden. I 2008 fekk saka avklaring i Kulturdepartementet; regjeringa bestemte at Språkbanken skal etablerast, og det er sett av 2,5 millionar kroner til det føremålet i 2009.

Språkrådet fekk for første gong gjennomført ei omdømmeundersøking i 2008. Ho viste mellom anna at Språkrådet var noko betre kjent hjå publikum etter 2005 enn før 2004. Andre funn: Rundt 60 prosent meiner at skulen ikkje gjer nok for å læra elevane å skriva norsk. Og 80 prosent meiner at det er viktig å ha ei offisiell rettskriving.

Språkrådet har hatt ein ekspansiv periode etter 2004.

Kvart år dei siste fire åra har det kome nye stillingar til, og dette vil halda fram i 2009 og truleg i 2010. Deretter må ein rekna med at Språkrådet går inn i ein periode med konsolidering, organisasjonsutvikling og arbeidseffektivering.

Stortinget skal behandla stortingsmeldinga om ein ny språkpolitikk i vårsesjonen 2009. Året 2009 kjem dermed til å avklara kva slags satsingar og overordna rammevilkår som skal gjelda for språkpolitikken i landet vårt.

#### **Styret 2008 (oppnemningsperiode 4. juli 2006 til 1. januar 2010)**

Ida Berntsen, bm. (oppnemnd som leiar 22. februar 2008)

Magni Øvrebotten, nyno. (nestleiar, fungerande leiar frå 18. oktober 2007 til 22. februar 2008)

Jan Hoel, bm. (tilsettere representant frå 1. januar 2008)

Jan Olav Fretland, nyno.

Tor Fuglevik, bm.

Ottar Grepstad, nyno.

Silje Solheim Karlsen, bm.

Varamedlemmer:

Marit Hovdenak, nyno. (tilsettere representant)

Lars Røttem Krangnes, nyno. (for Fretland, Grepstad og Øvrebotten)

Helene Uri, bm. (for Berntsen, Fuglevik og Solheim Karlsen)

Illustrasjonsfoto: Anna Molander / Mira / Samfoto



# SPRÅKDAGEN 2008

Språkdagen 2008 vart halden i Operaen 13. november 2008. Opera var òg den kunstnarlege ramma for dagen, som opna med to versjonar av «Våren» av A.O. Vinje. Først framførte operasongaren Torill Carlsen og pianisten Helge Evju originalversjonen til musikk av Grieg, deretter gav Forente Minoriteter ein moderne rappversjon av «Våren». Og dagen slutta med opera, men med ein uvanleg tekst: librettoen var frå skatteetatens rettleiing til arveoppgjer! (Jf. temaet.)

Fagrådet for skole og offentleg forvaltning hadde ansvar for det faglege innhaldet og avviklinga av konferansen, som vart opna av kunnskapsminister Bård Vegar Solhjell. Temaet for dagen var «Norsk for alle?».

## Norskundervisninga i skulen

Innlegg og paneldebatt om norskundervisninga i skulen prega første del av dagen.

Førsteamanuensis og rådgjevar Else Ryen, Universitetet i Oslo / Norsk senter for fleirkulturell opplæring (NAFO) orienterte om undervisninga for dei nye språklege minoritetane, korleis læreplanane har vore og skal bli. Berre éin av femten lærarar har i dag kompetanse i norsk som andrespråk.

Ho understreka at kompetanse i alle språk er viktig og verdfull basis for opplæringa i norsk.

Paneldebatten etter innlegget viste ulik praksis for tildeling av ressursar og vilkårlege måtar for å velja ut



Foto: Språkrådet

Paneldebatt på Språkdagen 2008. Mina Indira Adampour, student ved Universitetet i Oslo, Jan Olav Fretland, styremedlem i Språkrådet og Finn Aarsæther, forskar ved Høgskolen i Oslo



kven som får tilbod om undervisning i norsk som andrespråk. Ein paneldeltakar fortalde at ho hadde vorte plassert i norskgruppe ut frå etternamnet, ikkje ut frå kunnskapane i norsk. Panelet meinte elles at mangfaldet av morsmål er ein ressurs for skulane.

### **Språket i offentlege skjema og rettleiingar**

Temaet «Norsk for alle?» heldt fram i siste delen av dagen, men då gjaldt det språkbruken i offentlege skjema og rettleiingar. Ein filmsnutt viste kor vanskeleg det er for brukarar å forstå korleis dei skal fylla ut offentlege skjema. Og i ei lita undersøking frå Statistisk sentralbyrå gav avdelingsdirektør Gustav Haraldsen døme på at folk ikkje skjønar kva opplysningar dei skal gje i ulike skjema. Eit generelt problem er at ord som kan verka enkle, kan ha svært spesiell tyding i skjemaet. Språkrådet er i gang med prosjektet «Klårt språk i staten», der målet er å gjera det lettare for statlege etatar å kommunisera skriftleg med innbyggjarane.

### **Presse og omtale**

Etter Språkdagen 2008 tok pressa særleg tak i opplysningane som kom fram om at elevar med framande etternamn heilt vilkårleg blir plasserte i grupper som skal få særleg tilrettelagd undervisning i norsk. Dette har skjedd utan at det først vart undersøkt kva norskkompetanse elevane har. Skulane får ekstra midlar til denne undervisninga, og sjølv om skuleeigaren nektar for at det er økonomiske grunnar til plasseringa, kunne fleire som var til stades på Språkdagen, dokumentera at dette skjer også i 2008. Pressa var elles oppteken av at det må gjerast ein innsats for å få betre og klårare språk i offentlege skjema, og samarbeidsprosjektet mellom Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Direktoratet for forvaltning og IKT (FAD Difi) og Språkrådet fekk brei omtale, mellom anna med eige innslag om prosjektet i NRK Fjernsynet.

Omtale av Språkdagen ligg her: <http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Aktuelt/Sprakdagen/>.



# SPRÅKPRISEN

Språkprisen for framifrå bruk av norsk sakprosa vart delt ut til både ein bokmåls- og ein nynorskforfattar: forfattar og professor i medievitskap ved Universitetet i Bergen, Anders Johansen og forfattar Kjartan Fløgstad. Kvar av dei fekk ein pris på 50 000 kroner, eit kopartrykk av Kjell Nupen og eit diplom.

Tildelinga vart markert på Språkdagen 13. november, og juryen skreiv dette om prisvinnarane:

«Vinnarane av Språkprisen 2008 har somt felles, men dei er også svært ulike. Den eine er vestlending, busett på Austlandet og skriv nynorsk. Den andre er austlending, busett på Vestlandet og skriv bokmål. Begge spenner vidt med tekstane sine, frå polemikk til reflektert ettertanke og analyse. Begge har i skrift sett vesentlege spørsmål på dagsordenen i norsk offentlegheit. Begge er særmerkte stemmer i norsk sakprosa.

Den nynorske prisvinnaren har dei siste fem åra mellom anna skrive tekstar om arkitektur, språkhistorie, hotell og kolonisering. Men – same kva tema han skriv om – gjennom tekstane hans høyrer vi ei skriftstemme som femner heile det nynorske språket – frå folkelege ordspel til akademisk refleksjon. I prisvinnarens prosa er små og store forteljingar vovne saman i eit mangfelt språkspel, i spennet mellom poesi og polemisk analyse. Ikkje noko språkleg er framandt for denne skrivaren! Prisvinnaren utfordrar og fører vidare tradisjonar frå

mange språklege kjelder. I nynorsk sakprosa har han lenge hatt ein svært sentral plass.

Vinnar av Språkprisen 2008 for sakprosa på nynorsk er Kjartan Fløgstad.

Vinnaren av bokmålsprisen har dei fem siste åra levert viktige bidrag til norsk sakprosa, gjennom bøker og artiklar som fremjar refleksjon om skriftliv, talekunst og kulturanalyse. Tekstane hans uttrykkjer eit sterkt samfunnsengasjement. Han skriv med omsorg for uttrykket, fordi å skrive er å tenkje: «De språklige formene er tankens former ... (Å) skrive er å tenke på en særlig anstrengende måte». Vinnaren av bokmålsprisen er ein retorisk medviten forfattar, open mot lesaren, ein framifrå representant for den samfunnsengasjerte akademikaren som nyttar eit breitt register av språklege ressursar for å fremje den viktige offentlege samtalen: «Virkeligheten henger i samtalens tynne tråd».

Vinnar av Språkprisen 2008 for sakprosa på bokmål er Anders Johansen.»

Utdelinga av Språkprisen er ein del av det arbeidet Språkrådet gjer for å fremja og styrkja stillinga til det norske språket. Kandidatar til prisen kan koma frå alle samfunnsområde, og prisen kan gå til ein person, ein institusjon, ei bedrift eller ein organisasjon. I juryen for Språkprisen sit Ove Eide (leiar), Karianne Bjellås Gilje, Unn Røyneland og Espen Søybe.



Vinnarane av Språkprisen 2008, Anders Johansen og Kjartan Fløgstad

# RÅDGJEVING

Sekretariatet i Språkrådet svarar dagleg på språkspørsmål som kjem i e-post og på telefon, sjeldnare i brev. Telefon-tida er 5 ¼ time per dag, og rådgjevarane har vakt etter ein turnus. Dei som ringjer, får oftast svar med det same, dei som spør i e-post, får vanlegvis svar innan ei veke. I 2008 vart det svara på ikring 4200 e-postar og 3000 telefonar med språkspørsmål, slik at talet på registrerte førespurnader om språk var ikring 7200. I kvar telefon og kvar e-post kan det vera fleire språkspørsmål, slik at talet

på enkeltspørsmål til Språkrådet godt kan liggja på det doble. Språktenesta for statsorgan har svara på om lag 250 av e-postane.

Statistikken over språkspørsmål dei fem siste åra viser at spørsmålmengda har vore nokså konstant. Før 2005 kom det inn fleire telefonspørsmål enn e-postspørsmål. Av spørjarane er det no fleire som bruker e-post enn telefon:

Språkspørsmål frå publikum – utvikling 2004–2008			
År	E-postar	Telefonar	Sum
2004	3600	3750	7350
2005	3640	3180	6820
2006	3800	3200	7000
2007	4050	3500	7550
2008	4200	3000	7200

Språkspørsmåla dekkjer eit vidt spekter av emne. Dei som stiller spørsmål, arbeider ofte med skriftleg utforming i jobb eller utdanning. Spørsmåla kan dreia seg om skrivemåtar, teiknsetjing eller andre skrivereglar, formuleringar, norske ord for engelske osv. Språkrådet fekk til dømes spørsmål om norsk nemning for det engelske (*child grooming*) i 2008, og gjorde framlegg om *barneløking*. Ordet skal brukast i ein stortingsproposisjon.

Mange sender positive tilbakemeldingar på svara dei får. Arbeidet med å byggja opp ein database for språkspørsmål og svar er vidareført i 2008.

# INFORMASJON

## Nettstaden til Språkrådet

### Brukarundersøking

Tidleg i 2008 undersøkte Språkrådet kva som er viktig for brukarane av nettsidene, og korleis dei vurderer nettstaden vår. Rundt 40 prosent av dei som svara, var elevar, studentar eller lærarar. 22 prosent var tilsette i offentlig forvaltning, og 17 prosent var tilsette i privat verksemd eller sjølvstendig næringsdrivande. Det mest populære innhaldet viste seg å vera *ordbøker og ordlister*, følgd av *rettskrivingsreglar, nyheiter og aktuelt stoff om språk og norske ord for engelske*. På spørsmål om kva brukarane ynskte seg meir av, var ordlister av ulike slag, grammatikk med døme, stoff om rettskrivingsreglar, ny rettskriving og aktuelle språktips oftast nemnt.



### Omlagging av nettstaden

I juni vart utsjånaden, strukturen og delar av innhaldet på nettsidene lagt om. Sidene fekk ny utforming basert på den nye grafiske profilen til Språkrådet. Strukturen på nettstaden vart omarbeidd ved at innhaldet vart organisert i tre hovudbolkar:

*språkhjelp* – allmenne råd om språk og rettskrivingsreglar for eit breitt publikum

*tema* – råd og informasjon om emne som språkbruk i staten, skulesider, IKT og språk, terminologi og fagspråk og stadnamn

*politikk og fakta* – bakgrunnsinformasjon om mellom anna språkpolitikk og språkhistorie

Innhaldet i dei tre hovudbolkane er tilgjengeleg i menyen som står øvst overalt på nettstaden.

Ei ny spalte på framsida, *Aktuelt ord*, vart innført. Innhaldet i spalta vekslar frå veke til veke, og kjelda til aktuelle ord er mellom anna spørsmål frå publikum til svartenesta i Språkrådet. Spalta *Engelsk for norsk* vart òg oppretta i juni. Her blir brukarane inviterte til å senda inn framlegg til norske ord for engelske ord, og moglege avløysarord blir drøfta.

Vidare vart informasjonen om fleire viktige emne utvida; det gjaldt særleg språkbruk i staten, språkpolitikk, IKT og språk, terminologi og fagspråk og internasjonalt samarbeid. *Språktips*, eit elektronisk informasjonsbrev til tilsette i staten, vart også publisert på nettsidene frå og med juni.

Samstundes vart nettstaden utstyrt med nye navigasjonsverktøy: ein nedtrekksmeny med snarvegar til populære sider og ei alfabetisk liste over alle sidene på nettstaden.

## Periodiske publikasjonar

### Språknytt

*Språknytt* – den allmenne publikasjonen for språkinteresserte – kom ut med fire nummer i 2008. Frå og med nummer 3/2008 vart både forma og innhaldet i bladet



*Språknytt* i ny drakt. Framsida på *Språknytt* nr. 3/2008



Redaktørskifte i *Statsspråk*. Torunn Reksten overtek etter Jostein Stokkeland

lagt om. Bladet fekk større sider, fargestrykk på alle sidene og ei utforming i tråd med den nye grafiske profilen til Språkrådet.

Etter omlegginga er innhaldet i bladet organisert i to seksjonar. Den første – *Aktuelt* – tek for seg aktuelle språkspørsmål. Den andre – *Innsikt* – går djupare inn i ulike språklege emne.

Klassiske spalter som *Nyord* og *Lesarspørsmål* blir førte vidare, og nye spalter er oppretta. I *Med andre ord* blir tilhøvet mellom engelske ord og norske avløysarord drøfta. I *Språkbrukaren* skriv ein gjestepaltist om sine språkerfaringar. Spalta *Klipp* refererer nyare sitat om norsk språk.

Kvart nummer av bladet har òg eit intervju med ein språkengasjert person.

Svein Nestor og Åsta Norheim er redaktørar. Opplaget har vore 25 000. I tillegg til papirutgåva blir *Språknytt* publisert på nettsidene til Språkrådet i pdf- og html-format. Abonnementet er gratis.

### **Statsspråk**

*Statsspråk* – bladet for godt språk i staten – kom ut fire gonger i 2008. Bladet gjev språklege råd som er spesielt retta mot tilsette i staten, og det har dessutan eit aktuelt intervju i kvart nummer.

Frå nummer 1/2008 fekk bladet ny utsjånad, ei følgje av den nye grafiske profilen til Språkrådet.

Frå og med 2008 vart bladet publisert på nettsidene til Språkrådet, i tillegg til at det blir trykt og sendt ut til språkbrukarar i staten. Opplaget har vore 18 500. Abonnementet er gratis.

Jostein Stokkeland var redaktør til og med nr. 3/2008. Frå nr. 4/2008 er Torunn Reksten redaktør for *Statsspråk*.

### **Språktips**

I januar 2008 vart *Språktips* lansert – eit informasjonsbrev i pdf-format frå språktenesta for statsorgan. Brevet gjev kortfatta tips og råd om språk til tilsette i staten. *Språktips* blir distribuert på e-post til språkansvarlege i statlege

etatar, i tillegg til at det blir lagt ut på nettsidene til Språkrådet. *Språktips* kom ut åtte gonger i 2008.

### Informasjonsbrosjyrar

Språkrådet oppretta i 2008 ein serie med informasjonsbrosjyrar. Fire brosjyrar vart publiserte:

*Ny bokmålsrettskrivning fra 2005*. Dette viser hovudtrekka i bokmålsnorma frå 2005. Målgruppa er norsklærarar i skulen og andre offentleg tilsette. Hausten 2008 vart brosjyren distribuert til alle skulane i landet.

*Kort administrativ ordliste bokmål–nynorsk*. Dette er ei liste med avløysarord i nynorsk som er relevante i administrativt skrivarbeid. Målgruppa er tilsette i sentrale statsorgan.

*Klårspåk* (nynorskversjon) / *Klarspråk* (bokmålsversjon). Denne brosjyren viser korleis språket i tekstar frå det offentlege kan bli klårare og betre. Brosjyren har mellom anna ei sjekklister for skribentar. Den viktigaste målgruppa er tilsette i sentrale statsorgan.

*Språkrådet i kortform* (nynorsk- og bokmålsversjonar). Denne faldaren gjev eit stutt oversyn over arbeidet i Språkrådet.

Alle brosjyrane kan lastast ned frå nettsidene til Språkrådet.

### Publikasjonar om terminologi

I 2008 gav Språkrådet ut heftet *Termlosen* – ei innføring i omgrepsanalyse og terminologiarbeid (omsett frå engelsk). Språkrådet var òg ansvarleg for å gje ut rapporten frå Nordterm-konferansen *Kunnskap og fagkommunikasjon* året før. Desse publikasjonane blir nærare omtala i kapitlet Terminologi og fagspråk.

### Diplom for godt namnevelt

Kvart år deler Språkrådet ut diplom til verksemder som har gode norske namn i eit fylke eller ein region. I 2008 var det verksemder i Sogn og Fjordane som vart heidra. Sju bedrifter i fylket fekk utmerkinga, som er ein del av arbeidet for å inspirera næringslivet til å bruka norsk språk overalt der det går an.

Dei sju verksemdene var: Blanke Messingen, Sogndal (verkstad for massinginstrument); Røverompa barnehage, Askvoll; Skald, Leikanger (forlag); Lite nytt, Lærdal (bruktbutikk); Skamklyppen, Bulandet (frisør); Skinn og Bein, Førde (reparasjon av skotøy og andre lærvarer) og Neste Trekk, Sogndal/Ski (møblar og innreiing).

### Andre tiltak

#### Språkquizar

I 2008 byrja Språkrådet å samarbeida med Aftenposten om quiz med språklege emne. Språkrådet står for innhaldet i quizane, som blir publiserte på <http://www.aftenposten.no>.

Språkquizane er populære, til dømes vart quizen «Og eller å?» nytta over 60 000 gonger i 2008. Quizane har lenkjer til relevante sider på nettstaden til Språkrådet, der brukarane får hjelp til å velja rett svar.

#### Språkspalte i *Norsklæraren*

Språkrådet har ei spalte i bladet *Norsklæraren*, som Landslaget for norskundervisning gjev ut. Her skreiv Språkrådet tidleg på året om det som hadde vore temaet på Språkdagen 2007 – norsk språk under press, og om norsk kunne enda som lågspråk, assosiert med liten prestisje, eit bakstreversk, gammaldags språk. Då språkmeldinga kom, med grunnlag for ein ny og offensiv språkpolitikk, vart desse utfordringane omtala og oppgåvene synleggjorde. Spalta har elles gjeve att konkrete språkspørsmål som Språkrådet får, og som vi trur norsklærarar gjerne ynskjer utgreiing om.

#### Språkspalte i magasinet *Utvikling*

I 2008 vart språkspalta «Begripelige begreper» med råd frå Språkrådet oppretta i magasinet *Utvikling*. Nasjonalt kompetansmiljø om utviklingshemming ved Høgskolen i Sør-Trøndelag står bak magasinet. Bladet rettar seg mot kommunetilsette som arbeider med tenester for personar med utviklingshemming. Omgrepa *identitet, integritet, heim, bustad, institusjon, omorganisering, organisasjonsutvikling, pasient, klient og brukar* vart drøfta i spalta.

#### Omdømmeundersøking

I 2008 fekk Språkrådet utført ei omdømmeundersøking av eit representativt utval av folket. Undersøkinga viste mellom anna at eit klart fleirtal oppfattar Språkrådet som «nyttig» og «profesjonelt». Haldningane til nokre språkrelaterte spørsmål vart òg undersøkte. Det kom fram at to av tre nordmenn er einige i påstanden at «skolen gjer for lite for å lære elevane å skrive riktig». I gruppa 15–24 år sa 43 prosent seg einige i påstanden «engelsk er eit betre språk enn norsk». Av alle som svara, var likevel 46 prosent ueinige i denne påstanden. Vidare sa åtte av ti seg einige i påstanden «det er viktig at vi har ei offisiell rettskriving».



Illustrasjonsfoto: Roger Hardy / Samfoto

## RETTSKRIVING, ORDBØKER OG ORDLISTER

### Bokmålsordboka og Nynorskordboka

*Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* ligg føre med gjeldande rettskriving i bokmål og nynorsk. Ein får kjøpt ordbøkene i bokhandelen, og dei er tilgjengelege på Internett på nettadressa <http://www.dokpro.uio.no/ordbok-soek.html>. I 2008 vart det på denne adressa gjort 14,8 millionar oppslag i *Bokmålsordboka* og 10,7 millionar oppslag i *Nynorskordboka*. Bruken er tredobla på fire år og aukar stadig.

Universitetet i Oslo ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium og Språkrådet gjorde i 2008 ein skriftleg avtale som slår fast at dei to partane i fellesskap skal eiga, forvalta og ajourføra *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* og materialet i Norsk ordbank. Partane planlegg forenkling av søkjegrensesnittet for dei to nettordbøkene for å gjera det meir brukarvenleg.

### Norsk ordbank

Språkrådet er representert i styret for Norsk ordbank, ein elektronisk database som består av leksikalske einingar i grunnform tilkopla alle bøyingsformer for kvar eining, såkalla fullformer.

Norsk ordbank er i dag i bruk i *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* på Internett. Fullformsordlister er selde til nokre firma, mellom anna har Aftenposten kjøpt bokmålslista til bruk i [www.ordspill.no](http://www.ordspill.no). Fullformsordlistene kan lastast ned gratis på ein GPL-lisens (jf. årsmeldinga for 2006 s. 8), og mange miljø har lasta ned listene og bruker dei i ulike produkt.

Språkrådet og Universitetet har stilt til rådvelde midlar til oppdatering av ordbanken (jf. årsmeldinga for 2007 s. 15), og arbeidet med oppdatering av bokmåls- og nynorsklistene er i hovudsak fullført i 2008.



## Nyordsmateriale

Språkrådet har gjennomgått delar av ei nyordsbok for perioden 1976–2005 i samarbeid med Institutt for lingvistiske og nordiske studium ved Universitetet i Oslo. Nyordsarkivet til Språkrådet, med om lag 90 000 ordsetlar samla fram til 2001, er skanna med sikte på at det skal gå inn i ein allment tilgjengeleg database.

## Godkjenning av ordlister

Språkrådet skal etter § 9-4 i opplæringslova godkjenna ordlister til skulebruk. I 2008 var det inne til godkjenning éi bokmålsordliste og to nynorskordlister. På nettsidene ligg det ei liste over godkjende ordlister og ordbøker som følgjer gjeldande rettskriving i bokmål og nynorsk: [http://www.sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Rettskriving\\_Ordboeker/Ordlister-til-skulebruk/](http://www.sprakradet.no/nb-no/Sprakhjelp/Rettskriving_Ordboeker/Ordlister-til-skulebruk/).

## Brosjyre om bokmålsrettskrivinga

Språkrådet gav i 2008 ut brosjyren *Ny bokmålsrettskriving fra 2005*, sjå under Informasjonsbrosjyrar (s. 7).

## Fagrådet for normering og språkobservasjon (fagråd 3)

Fagrådet har hatt tre møte i 2008 og har dessutan behandla nokre saker som brevsaker mellom møta. Fagrådet drøfta St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining*, mellom anna punkt 8.4.3 «Grunnlaget for eit framtidig normeringsregime». Språkrådet har ikkje hatt normeringsfullmakter sidan 1. januar 2005, men vedtektenene opnar for at Språkrådet kan få særskilde oppgåver og fullmakter. Etter samråding med Kultur- og kyrkjedepartementet har fagrådet utarbeidd eit framlegg til korleis normeringa kan organiserast på nytt.

## Nynorskrettskrivinga

Arbeidet med revisjon av rettskrivinga i nynorsk kom ikkje i gang i 2008 fordi spørsmålet skulle omtalast i stortingsmeldinga frå Kultur- og kyrkjedepartementet som i 2009 er til behandling i Stortinget. Fagrådet har likevel vore med i førebuaende arbeid: Ein mastergradsstudent som i 2007 fekk støtte til ei undersøking av språkhaldningar og språkkunnskap blant elevar i den vidaregåande skulen, fekk opplegget for undersøkinga vurdert av fagrådet. Språkrådet, ved fagrådet og sekretariatet, har delteke på ein fagdag for lærarar (Universitetet i Oslo), på landsmøtet for Landssamanslutninga av nynorsk kommunar og på eit seminar for nynorske fagomsetjarar.

## Språkobservasjon

Fagrådet har diskutert omgrepet *språkobservasjon*, kva innhald det skal ha, kva føremålet skal vera, osv. Vidare har fagrådet sett i gang eit pilotprosjekt om subnormer i avisspråket for å studera samvariasjonen i rettskrivingsmønstra i nokre bokmåls- og nynorskaviser.

## Normeringssaker

Fagrådet har på oppmoding drøfta nokre normeringssaker, m.a. skrivereglar som gjeld store eller små forbokstavar. Fagrådet har gått imot å gjera endringar i desse reglane, m.a. med den grunngevinga at det skal vera ein høg terskel for å gjera endringar i reglar som fungerer.

## Begynnarordbøker for barn

Språkrådet har dette året arbeidd med eit initiativ for å få laga begynnarordbøker for norske skulebarn. I eit brev til Kunnskapsdepartementet 4.4.2008 bad Språkrådet om eit samarbeid for å mellom anna «stimulere til utvikling av gode ordbøker for barn på både bokmål og nynorsk». Ei arbeidsgruppe med medlemmer frå fagrådet for normering og språkobservasjon og fagrådet for skule og offentleg forvaltning har laga ei skisse til begynnarordbøker. Etter eit møte med Kunnskapsdepartementet i oktober har Språkrådet førebels bede Lesesenteret i Stavanger om ei vurdering av korleis begynnarordbøker kan styrkja lese- og skriveopplæringa.

## Konferansestøtte

Fagrådet løyvde støtte til ein internasjonal forskingskonferanse om nordisk språkvitskap med tittelen «Standard eller ikkje standard? Har vi eit 'standardtalemål' i Noreg?» (Røros 8.–10. februar 2008).

## Namnespørsmål

Oljedirektoratet bad i 2008 Språkrådet om kommentar til to namneframlegg på petroleumfelt. *Yttergryta* (Norskehavet) meinte fagrådet for normering og språkobservasjon blir eit ukonvensjonelt feltnamn, fordi *Yttergryta* eigentleg er eit uformelt stadnamn på ein stad eit godt stykke frå petroleumfeltet. Til feltnamnet *Maud* (Nordsjøen) innvende fagrådet at sjølv om namnet har vore brukt som namn på eit polarskip, vil tilknytninga til kongefamilien stå fram som viktig, og det er uheldig å kalla opp personar i kongefamilien. Fagrådet har òg vore involvert i høyringa om norske artsnamn som Artsdatabanken inviterte til, sjå omtalen under kapitlet Terminologi og fagspråk.

# NORSK SPRÅK OG IKT

## Norsk språkbank

Då kulturministeren la fram St.meld. nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining*, vart Språkbanken trekt fram som det største, dyraste og språkpolitisk viktigaste tiltaket i meldinga. I meldinga står det at ein tek sikte på å etablera banken frå 1. januar 2009.

Departementet trong eit underlag i arbeidet med statsbudsjettet for 2009, og planen for oppstart av Språkbanken vart skriven sommaren 2008 av ei arbeidsgruppe Språkrådet nemnde opp: assisterande universitetsdirektør Sverre Spildo (Universitetet i Bergen), professor Torbjørn Svendsen (NTNU), førsteamanuensis Jan Olav Fretland (styret i Språkrådet) og seniorrådgjevar Torbjørg Breivik (Språkrådet). I tillegg knytte gruppa til seg advokat Kristine M. Madsen (frå firmaet Bull & Co).

Planen har eit grovmaska oversyn over kva språkressursar som finst og kanskje kan vera aktuelle, ein spesifisering av kva minimumsinnhald som trengst i ein språkbank, og kva organisasjonsform som kan vera tenleg og ynskjeleg. I tillegg blir juridiske problemstillingar knytte til val av organisasjonsform, oppstart og drift drøfta. Planen har til slutt ei oppsummering av konsekvensar og økonomiske rammer. Tilrådinga frå gruppa har vore drøfta med departementet, men ein har ikkje kome fram til noka avklaring. Det er særleg organisasjonsmodell og lokalisering som har vore vanskelege emne i diskusjonane.

I statsbudsjettet for 2009 vart det løyvt 2,5 millionar kroner til arbeidet med etablering av språkbanken.

## Språkressursane etter Nordisk Språkteknologi Holding AS (NST)

Interimsstyret for konsortiet som kjøpte buet etter NST på Voss, hadde planlagt og budsjettert for 2008 med tanke på at Språkbanken skulle etablerast. Då departementet varsla i språkmeldinga at det tok sikte på å få i gang Språkbanken frå 1. januar 2009, reviderte styret planar og budsjett etter det.

Avtalen interimsstyret hadde med Universitetsforskning Bergen og Avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi (Unifob/Aksis) om å ta hand om lagring og distribusjon av språkressursane, gjaldt for kalenderåret 2008. Ressursane er sette i distribusjon, og det er gjort

avtalar med tre kommersielle brukarar, Media Lunde Tollefsen AS (MediaLT), Unifob/Aksis og Norsk lyd- og blindeskriftbibliotek, og med to forskingsinstitusjonar, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet i Trondheim (NTNU) og Kungliga Tekniska Högskolan, Sverige.

Det er utarbeidd norsk og engelsk utgåve av brukaravtalane (kommersiell og til forskning) og av informasjonen på nettsidene. Det er òg kjøpt domenenamn og varemerke for Språkbanken.

## SMUDI-prosjektet

SMUDI står for stemmestyring i multimodal dialog. Prosjektet er finansiert av Noregs forskingsråd og går over fem år. Det har ti deltakarar: MediaLT (prosjektleiar), Telenor, NTNU, Max Manus, Språkrådet, Norges Blindeforbund, Nav senter for IKT-hjelpemiddel (Nav SIKTE), Norges Handikapforbund, Bredtvedt kompetansesenter og Dysleksiforbundet. Totale kostnader er rekna til 21,5 millionar kroner.

Målet er å utvikla multimodale grensesnitt med nødvendig redundans for å sikra universell tilgang til styring av klientutstyr og nettbaserte dialogsystem. Det inneber at brukarane skal kunna nytta *tale til* netttenester og be om *opplesing frå* netttenester. Prosjektet har eigne nettsider: <http://www.medialt.no/smudi-stemmestyring-i-multimodal-dialog/280.aspx>.

I 2008 har det vore fem styremøte, og arbeidet har konsentrert seg om to oppgåver: å finna fram til ei brukande teknisk plattform og å utvikla brukarvenlege kommandoar. Prosjektet har ein brukaravtale for delar av språkressursane i NST-buet til uttesting og utvikling av dialogsystemet.

Prosjektet har byrja på arbeidet med å utvikla ein pilot for talegjenkjennaren, der ein skal testa han mot offentlege skjema. To doktorgradsarbeid ved NTNU er knytte til prosjektet.

## Språkbanken og CLARIN

CLARIN (Common Language Resources and Technology Infrastructure) er eit europeisk initiativ som tek sikte på å leggja til rette skriftleg, digitalt kjeldemateriale og IT-verktøy til bruk i humanistisk og samfunnsvitskapleg forskning. Noreg er med i dette samarbeidet, og Noregs



forskringsråd løyvde i 2008 midlar til det førebuande arbeidet. Målet for Språkbanken er å gjera tilgjengelege språkressursar og verktøy for språkteknologisk bruk både i forskning og i kommersielle samanhengar. Sidan det her kan vera overlappande interesser, arrangerte Språkrådet og den norske CLARIN-koordinatoren eit nasjonalt møte. Målet var å klårgjera initiativ og arbeidsoppgåver. Med små ressursar er det viktig å unngå dobbeltarbeid.

Meir informasjon om CLARIN finst på <http://www.clarin.eu>, det norske initiativet har nettadressa <http://ling.uib.no/clarin>. På dei norske sidene finn ein òg presentasjonane frå møtet i Bergen.

# TERMINOLOGI OG FAGSPRÅK

## Fagrådet for terminologi og fagspråk (fagråd 4)

Då regjeringa la fram språkmeldinga, var fagrådet for terminologi og fagspråk nøgd med at Kultur- og kyrkje-departementet så tydeleg slår fast at det ser på terminologi- og fagspråkarbeidet som ei prioritert oppgåve. Det ser Språkrådet som det overordna nasjonale samordningsorganet på dette området. Departementet gjev samstundes uttrykk for at arbeidet må gå føre seg i nært samarbeid med andre – både forskingsmiljøa og næringslivet må ta sin del av ansvaret. I eit notat til familie- og kulturkomiteen seier fagrådet seg glad for at departementet peiker på terminologi og fagspråk som eit viktig og nødvendig satsingsområde framover.

Fagrådet for terminologi og fagspråk har framleis vore oppteke av å byggja ut kontaktnettet og å styrkja informasjonsarbeidet. Det har hatt fem møte dette året i tillegg til eit fellesmøte med folk frå styret, sekretariatet og dei andre fagråda. Eitt møte var lagt til Bergen, der fagrådet mellom anna hadde møte med representantar for Nasjonalt institutt for ernærings- og sjømatforskning (NIFES) og Havforskningsinstituttet. Temaet var norsk som fagspråk i maritim næring og forskning. Fagrådet ynskte å bli orientert om korleis det står til med norsk terminologi og fagspråk i denne næringa, og korleis dei tilsette i dei to institusjonane ser på utsiktene for norsk som arbeidsspråk og forskningsspråk. Ved same høve var fagrådet på besøk hjå Aksis, som er ei avdeling for kultur, språk og informasjonsteknologi i Universitetsforskning Bergen (Unifob AS). Aksis tek på seg og administrerer prosjekt for både Universitetet i Bergen og eksterne oppdragsgjevarar, først og fremst oppdrag som gjeld språk- og tekstteknologi og IKT og læring. Fagrådet har sett seg som mål å få kontakt med fagmiljø av ymse slag for å få betre oversikt over fagspråktilstanden i landet, og har som ledd i det også hatt eit møte for å høyra om språkforholda på eit teknologiinstitutt ved NTNU.

## Prosjektstøtte

Det er også i år gjeve støtte til terminologiprojekt. Det eine prosjektet gjeld vidare utvikling av terminologi i termbasen «Den grønne ordboka», som Agro Lingua står bak. Termbasen er ei samling faguttrykk i natur-, landbruks- og miljøfag på norsk, tysk og engelsk. Basen

er fritt tilgjengeleg via nettsidene til Universitetet for miljø- og biovitskap (UMB). Det er også gjeve tilskot til oppdatering og utviding av termutvalet i *Juridisk ordliste* som Skuleboknemnda åt Studentmållaget i Oslo står for, og som skal koma i ny utgåve. Dessutan har Aksis ved Universitetet i Bergen fått støtte til arbeidet med «Termportalen», som førebels er ei (intern) lenkjesamling til over 40 nettstader som inneheld terminologi, og som etter planen skal byggjast ut til å innehalda ei samling av terminologiske og fagspråklege ressursar som det kan søkjast i på tvers av ulike termbasar.

## Publikasjonar og nettsider

I samband med omlegginga av nettsidene til Språkrådet fekk terminologi og fagspråk ein meir synleg plass, og sidene skal byggjast ut etter kvart som kapasiteten i sekretariatet gjer det mogleg. Fleire medlemmer av fagrådet har skrive kronikkar og avisinnlegg eller vorte intervju i pressa.

*Termlosen*, den norske utgåva av *Guide to Terminology* av Heidi Suonuuti, kom ut sommaren 2008 i eit opplag på 1000. *Termlosen* gjev ei grunnleggjande innføring i omgrepsanalyse og terminologiarbeid og er nyttig for både studentar, fagomsetjarar og andre som er interesserte i terminologi og fagspråk.



Pengeurt, eittårig ugras i krossblomfamilien

Foto: Språkrådet




Foto: Språkrådet

Figur som viser eit generisk omgrepssystem for *tre* i heftet *Termlosen*.

Rapporten frå Nordterm-dagane 13.–16. juni 2007 i Bergen vart også ferdig sommaren 2008. Rapporten, som er nr. 15 i Nordterm-rekkja, har tittelen *Kunnskap og fagkommunikasjon* og inneheld innlegga på konferansen med same namn og rapportar om Nordterm-samarbeidet sidan førre Nordterm-forsamling.

#### Arbeid med botaniske og zoologiske namn

Språkrådet har vore blant høyringsinstansane for norske artsnamn som namnekomiteane i Artsdatabanken arbeider med. Artsnamnebasen som no blir utbygd, er eit nasjonalt namneregister som skal bli ein ny nasjonal standard når han er ferdig, og basen skal innehalda både vitenskaplege latinske og norske namn. I denne omgang gjaldt høyringa tre grupper: namn på karplanter, sommarfuglar, krypdyr og amfibium, til saman gjaldt det namnelistene for bortimot 6000 artar. Det var først og fremst sekretariatet som arbeidde med dei, men medlem-

mene av fagråda 3 og 4 (jf. s. 25) vart også bedne om å uttala seg om ein del spørsmål.

Språkrådet var også representert på møte i Mattilsynet der ein gjekk gjennom ei liste med namn på matfiskar og skaldyr i samband med at det vart utarbeidd nye forbrukarretta merkekrav til fisk. Med i arbeidsgruppa var også representantar for Fiskeri- og havbruksnæringens landsforening (FHL), Havforskningsinstituttet og Forbrukarrådet.

#### Anna rådgjeving

Mange av språkspørsmåla som sekretariatet får i e-post og over telefon, gjeld termar og faguttrykk. Spørjarane ber ofte om hjelp til å finna eit norsk ord for eit engelsk, ikkje minst er det ord frå data- og IKT-området folk spør om. Det kjem også mange spørsmål om juridisk terminologi, særleg om kva som er rett nynorskterm.

# SKULE OG UNDERVISNING

Språkrådet skal etter mandatet sitt fremja god norskopp-læring. Språkrådet utøver denne delen av mandatet ved å gje råd og påverka styresmakter med ansvar for å informera om godt språk.

Ei brukarundersøking av nettsidene til Språkrådet i 2008 viste at lærarar og elevar er dei gruppene som bruker nettsidene mest. Råd om rettskriving og godt språk er av dei mest besøkte sidene, og truleg ser undervisnings-sektoren sidene som eit tilskot til undervisning og læring.

I 2008 føreslo Kunnskapsdepartementet i St.meld. nr. 31 (2007–2008) *Kvalitet i skolen* å utvida mandatet til Språkrådet, i samråd med Kultur- og kyrkjedepartemen-tet. Framlegget var at Språkrådet skulle arbeida med alle språk som har læreplan etter opplæringslova. Saka blir utgreidd seinare.

Språkrådet sit i ei arbeidsgruppe for læremiddel, knytt til Utdanningsdirektoratet, og i Forum for nynorsk i skolen, knytt til det same direktoratet. For Språkrådet og arbeidsgruppa var det i år ei stor sak å slå fast i forskrif-tene til opplæringslova kva ansvar *skuleeigarane* har for å kjøpa inn læremiddel på begge målformer. Ei anna viktig sak gjaldt korleis forskriftene kan presisera at dei same krava må gjelda for *digitale læremiddel* som for trykte. Forskriftene til opplæringslova blir endra i 2009.

## Fagrådet for skule og offentleg forvaltning (fagråd 2)

Rådet har hatt fem møte dette året. Det hadde ansvar for å skipa til Språkdagen, der aktuelle spørsmål under temaet «Norsk for alle?» var: Er opplæringa i norsk for dei nye språklege minoritetane god nok? Kva med dei mange morsmåla dei har – kan dei brukast som basis i opplæringa?

Fagrådet har gått gjennom og diskutert dei to språk-meldingane som kom i 2008: *Språk bygger broer* (St.meld. nr. 23) og *Mål og mening* (St.meld. nr. 35).

## Begynnarordbok

Fagrådet har levert innspel til og deltek i arbeidet med å utvikla ei begynnarordbok for norsk. Tanken er at alle førsteklassingar skal få denne ordboka den dagen dei tek til på skulen. Boka skal også kunna brukast av framand-språklege som skal læra seg norsk. Jamfør omtalen under kapitlet Rettskriving, ordbøker og ordlister.

## Eksamen

Fagrådet tok opp kva hjelpemiddel som kan tillatast ved eksamen i den vidaregåande skulen, og tilrådde at forsøksordninga med éin eksamensdag for begge målfor-mer på 10. årstrinn vart avvikla. Styret i Språkrådet gjekk vidare med desse sakene. Utdanningsdirektoratet har i ettertid presisert kva hjelpemiddel elevane har lov å bruka ved eksamen, og det har gått attende til eigne eksamensdagar for bokmål og nynorsk. Fagrådet laga også ei utgreiing om læreplanen i norsk for vidaregåande skule og konsekvensane av at alle elevar skal opp til same eksamen (allmennfag og yrkesfag).

## Andre skulesaker

Fagrådet har gjeve innspel til problematikken med manglande parallellutgåver av lærebøker, og mellom anna gjort framlegg om at skuleeigarane kan bruka marknads-makta si ved utlysing av anbod (stilla krav når dei lyser ut anbod). – Rådet har vidare diskutert og uttala seg om krav til kompetanse hjå lærarane.

## Ymse tiltak

Barneombodet har fått innspel frå fagrådet til prosjektet Ungt språk med tankar om språk og tips til tiltak. Prosjektet har vorte utsett, men går etter planen av stabelen hausten 2009.

Medlemmer i fagrådet står bak ein artikkel i Norskklæ-raren om norsk for yrkesfagleg studieprogram, ein kronikk i Aftenposten om kompetansekrav til lærarar, og har delteke i debatt og med innlegg om språk og identitet i undervisninga for vidaregåande skule.

Fagrådet har også samarbeidd med språktenesta i staten (i Språkrådet).

## Elektronisk saksbehandling i departementa – nynorsktil-passing

Fagrådet står bak eit brev frå Språkrådet til Servicesente-ret for departementa 29. januar og påtala der at etter det nye systemet som no blir utvikla for elektronisk saksbe-handling i departementa, er det ikkje mogleg å gjera søk på nynorsk. Titlar på dokument og i brev på nynorsk som kjem inn til departementa, blir endra til bokmål.

Språkrådet viser til *Handlingsplan for norsk språk og*



IKT frå 2001, der det heiter: «Som en av landets største IT-kunder rår det offentlige samlet over et sterkt økonomisk virkemiddel til å kreve at produsentene utvikler nynorskversjoner.» (s. 4), og «Det offentlige må kunne stille krav om parallelle programutgaver på bokmål og nynorsk ved innhenting av tilbud i forbindelse med innkjøp.» (s. 20).

Språkrådet understrekar at det er viktig med parallelle versjonar av programvare og full funksjonalitet på begge målformer. I dag finst det programvare som søker parallelt i tekstar på bokmål og nynorsk, og det må vera mogleg å krevja at denne teknologien blir inkludert i kravspesifikasjonen for saksbehandlarsystem i departementa. – Det har ikkje kome svar på brevet.

#### Forum for nynorsk i skulen

Sidan 2005 har representantar frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Det Norske Samlaget, Noregs Mållag, Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Nynorsk kultursentrum og Språkrådet møtst til drøfting i Utdanningsdirektoratet eit par gonger i året. Både på marsmøtet og oktobermøtet i 2008 var læremiddelstoda eit hovudemne – som det har vore på mange tidlegare møte.

Direktoratet orienterte om arbeidet med endring av forskriftene til opplæringslova. Det skal bli tydelegare at skuleeigarane har ansvar for å tinga lærebøker; for den vidaregåande skulen skal fylkeskommunane gjera det. Informasjonen om vilkåra ved kjøp av læremiddel har

ikkje vore tydeleg nok frå direktoratet. Det blir laga ein tingingsgaid som skal brukast for å styrkja innkjøpskompetansen hjå fylkeskommunane.

Skular etterlyser materiell på nynorsk frå Kunnskapsdepartementet. Frå Utdanningsdirektoratet er det klart at det som blir kalla ranselpost, og som elevane skal ha med seg heim, skal sendast til skulane i begge målformer. Forumet har elles etterlyst meir nynorsk på nettsidene til Utdanningsdirektoratet.

Forumet har stødd opp om alle reaksjonane som har kome mot å ha norskeksamen på tiande årstrinn i begge målformer på same dagen.

Språkrådet har teke opp kvifor elevar får fritak frå opplæring i skriftleg sidemål om så berre den eine av foreldra kjem frå eit anna land enn Noreg. Men direktoratet hevdar at dette går inn under § 3 i opplæringslova, som gjev elevar med eit anna morsmål enn norsk, samisk, finsk og teiknspråk rett til fritak frå vurdering i norsk sidemål. Det skal koma framlegg om endring av opplæringslova, som inneber at fritaksretten skal knytast til om eleven har hatt særskild opplæring i norsk. Det vil seia at fritaket er knytt til språkkompetanse og ikkje til bakgrunn.

Den nasjonale strategiplanen for nynorsk i opplæringa, som forumet var referansegruppe for, skal no omformast til ein tiltaksplan for nynorsk i opplæringa. Dette kjem i kjølvatnet av St.meld. nr. 23 etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet.

# HØGRE UTDANNING OG FORSKING

Språkbruk i universitets- og høgskulesektoren har vore eit prioritert område for Språkrådet i 2008 òg, og mykje har dreia seg om den stortingsmeldinga om språk som no er komen. Språkrådet har teke fleire språkpolitiske initiativ i samband med dette.

## Fagrådet for samfunn og høgre utdanning (fagråd 1)

Etter framlegg frå fagrådet for samfunn og høgre utdanning skreiv Språkrådet våren 2008 til statsråden og tok opp behovet for språkpolitiske tiltak i denne sektoren, med tilvising til konkrete spørsmålsstillingar. I svaret vart det sagt at departementet tok med seg synspunkta frå Språkrådet vidare i prosessen.

## Stortingsmelding om språk

Somme av synspunkta kan også finnast att i St.meld. nr. 35 (2008–2009) *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk*

*språkpolitikk*, der området forskning og høgre utdanning hadde fått brei plass. Dette feltet vart alt i utgreiinga *Norsk i hundre!* frå 2005 peika ut som eit av dei områda der norsk språk er under særleg sterkt press. I stortingsmeldinga er det nemnt fleire prioriterte tiltak for denne sektoren. Regjeringa vil rett nok ikkje lovfesta at norsk er det normale undervisningsspråket i høgre utdanning, som det var etter ei tidlegare lov, men meiner at universitet og høgskular skal ha ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av norsk fagspråk. Regjeringa legg òg til grunn at institusjonane formar ut individuelt tilpassa språkstrategiar, og seier mellom anna at dei bør vurderer å organisera særskilde språktenester. Ein skal også undersøka kva for språkpolitiske verknader finansieringssytemet for sektoren kan ha. I debatten har systemet vore skulda for å favorisera publisering på engelsk slik at det går ut over publisering på norsk.



Illustrasjonsfoto: Bård Løken / NN / Samfoto



At regjeringa nemner utvikling av språkstrategiar ved lærestadene som ein føresetnad for prioriterte tiltak, er svært viktig, slik Språkrådet ser det. Ved årsskiftet 2008/2009 var situasjonen den at dei fleste universiteta enten hadde utgreidd eller heldt på å greia ut ein språkpolitikk (språkstrategi) for sin part. Mellom høgskulane har det nok skjedd mykje mindre, men her er situasjonen ikkje kartlagd. Det ser ut til at arbeidet med ein språkpolitikk har stagnert ved somme sentrale universitet, slik at ein må spørja om utgreingar alltid fører fram til ein reell og effektiv språkpolitikk.

Etter at stortingsmeldinga var lagd fram, arrangerte Språkrådet, ved fagrådet for samfunn og høgre utdanning, ein språkkafé (eit ope møte) i Oslo, med eit panel der det mellom anna sat to medlemmer i den stortingskomiteen som har meldinga til behandling. Det var fullt hus, og mange sider ved språksituasjonen i forskning og høgre utdanning kom opp til debatt. Politikarane i panelet sa seg etterpå godt nøgde med dei innspela og signala dei hadde fått.

### **Ei vurdering av situasjonen i universitets- og høgskolesektoren**

Samanlikna med for fem år sidan har det likevel skjedd mykje positivt i språkpolitikken i universitets- og høgskolesektoren, slik Språkrådet ser det. Dette er eit svært samansett felt, med mange delfelt, eller deldomene, der lærarar og studentar møtest og bruker norsk og andre språk aktivt og passivt i ulike samanhengar, frå pensumarbeid og oppgåveskriving, rettleiing og retting over ymse slags undervisning til vitenskapleg og anna fagleg publisering, med og utan fagfellevurdering, og formidling. Ein språkpolitikk bør ta omsyn til så mykje som råd av dette. Det viktigaste er likevel at det kjem i gang arbeid med språkpolitikk ved institusjonane. Det er her vi er i dag. Seinare må vedtak følgjast opp med løyvingar, og etter kvart evalueringar. Språkrådet vil for sin del leggja vekt på å følgja med.

No skal norsk språkpolitikk etter St.meld. nr. 35 byggjast på eit så godt kunnskapsgrunnlag som råd, på relevant og haldbar dokumentasjon. Ein kan i dag få fram statistikk for somme viktige delfelt: språk i vitenskapleg (fagfellevurdert) publisering på nivået for enkeltfag og språk i kurs som blir tilbodne innanfor alle fag ved universiteta (men ikkje statistikk over kurs som verkeleg er haldne). Truleg kan det òg skaffast data om andre relevante tilhøve, som ein kan nytta saman med den nemnde statistikken til å utvikla kriterium eller indikato-



Illustrasjonsfoto: © Pixtal/Scampix

rar for denne sektoren til ein årleg rapport om stillinga for norsk språk i samfunnet. I St.meld. nr. 35 skriv regjeringa at ho ynskjer å utvikla eit slikt «barometer» i samarbeid med Språkrådet.

### **Behov for meir forskning**

Det er framleis mykje vi ikkje veit om språkbruk i forskning og høgre utdanning, og det finst mykje som dei involverte reknar som sjølvsgatt og uproblematisk. Det gjeld til dømes dei sosiale, ideologiske og økonomiske faktorane som kan verka inn på valet av språk ved institusjonane, strukturar som truleg kan fremja engelsk på ein ein-sidede måte, i staden for at universitetet eller høgskulen er reelt parallellspråkleg, og at ein fritt (og ikkje på basis av skeiv maktfordeling) kan nytta norsk, engelsk og andre språk etter behov og godt skjøn.

Det er i 2008 kome eit lovande bidrag med ein brei analyse av bruk av norsk og engelsk ved eit norsk universitetsinstitutt. Fagrådet for samfunn og høgre utdanning går inn for at ein bør undersøkje området engelsk i nye mastergradar, der det har vore sterk vekst i tilbodet, utan at nokon har oversikt over situasjonen og slett ikkje over dei språklege og faglege konsekvensane. Det kan vera aktuelt for Språkrådet å be om eit møte med Forskningsrådet med sikte på å utvikla meir av systematisk forskning på språk og språkbruk i den akademiske verda.

# LOV OM MÅLBRUK I OFFENTLEG TENESTE

Sidan 1994 har Språkrådet hatt ansvar for å føra tilsyn med målbruken hjå statsorgan under departementsnivå. Språkrådet rapporterer til Kultur- og kyrkjedepartementet i «Rapport om målbruk i offentleg teneste», som er tilgjengeleg frå nettsidene til Språkrådet.

I 2008 rapporterte 140 av dei 156 sentrale statsorgana Språkrådet har registrert, om korleis dei i 2007 oppfylte krava i lova om målbruk i offentleg teneste. Den viktigaste hovudregelen i mållova og forskriftene er at dei sentrale statsorgana skal veksla mellom bokmål og nynorsk i alt norskspråkleg informasjonstilfang som er retta mot ålmenta, slik at det er minst 25 prosent av kvar målform.

Tala frå 2007 viser at nynorsk framleis er mykje underrepresentert, samstundes som det var framgang på nokre område. Det var 39 statsorgan som rapporterte om 25 prosent nynorsk eller meir i papirtilfang på 1–10 sider, 41 med 25 prosent nynorsk eller meir i tilfang på over 10 sider. Når det gjeld nettstader, ser det ut til at det berre var 11 statsorgan som hadde om lag 25 prosent nynorsk eller meir i 2007. (Sidan søk på nettsidene eigentleg viser

stoda på rapporteringstidspunktet, er tala frå 2008 alt tilgjengelege; dei viser ein framgang til 25 statsorgan som oppfyller vekslingskrava i mållova.)

Dei fleste statsorgana vart i 2006 bedne om å laga ein tiltaksplan for å styrkja bruken av nynorsk; 98 av dei har no ein slik plan. I tillegg til at desse planane skal tena som ei rettesnor for arbeidet med målbruken i det einskilde statsorganet, er dei ein nyttig reiskap for å kunna følgja opp særskilde punkt som Språkrådet finn er mangelfullt etterlevde. Tala for 2007 viser at dei som har levert tiltaksplan, som gruppe har ein høgare gjennomsnittsprøsent nynorsk enn dei som ikkje har levert.

Tiltaka i språktenesta for statsorgan som skal tena som eit verkemiddel i arbeidet med måljamstillinga, er samordna med tilsynet. Det er grunn til å tru at språktenesta verkar godt også etter dette føremålet, men det er for tidleg å ettervisa beinveges samanheng eller utvitydig retning. I 2009 vil språktenesta i samråd med tilsynet innby eit utval av statsorgana til eit tettare samarbeid for å betra bruken av nynorsk.



Foto: Språkrådet

# SPRÅKTENESTA FOR STATSORGAN

Språktenesta for statsorgan vart offisielt lansert i september 2006. Tenesta har i dag fem rådgjevarar i full stilling.

## Føremål

Språktenesta har to jamstilte hovudoppgåver: å fremja eit klårare og betre forvaltningspråk og å arbeida for jamnare fordeling av nynorsk og bokmål i samsvar med lov om målbruk i offentleg teneste. På det siste området samarbeider språktenesta med tilsynstenesta i Språkrådet.

## Oppgåver

Ei viktig oppgåve for språktenesta er rådgjeving. Tenesta svarar på mange språkspørsmål frå statsorgana og gjev dessutan råd i samband med større språkprosjekt hjå einskilde etatar. Ei anna viktig oppgåve er opplæring i form av kurs i nynorsk og klårt forvaltningspråk. Språktenesta tilbyr òg skreddarsydd opplegg med utgangspunkt i tekstar som statsorgana har skrivne sjølve. Både som del av og ved sida av opplæringstiltaka tilbyr språktenesta språkleg kvalitetsvurdering. Ei slik vurdering kan vera alt frå ei generell fråsegn om den språklege kvaliteten til ein grundig gjennomgang eller språkvask av tekstar. Språktenesta lagar òg informasjonsmateriell på papir og i elektronisk form.

## Oppdrag i 2008

Bokmålsoppdraga til språktenesta har stort sett gått ut på å visa korleis ein kan forenkla og forbetra språket i tekstar for å gjera dei klårare og meir brukarvenlege. Når det gjeld nynorsk, møter språktenesta andre utfordringar. Det har vist seg at mange statsorgan treng meir grunnleggjande opplæring i nynorsk. Språktenesta har difor halde større nynorsk kurs (med innlevering av oppgåver) for fleire statsorgan og laga ein plan for oppfølging av utvalde statsorgan. På dette området samarbeider språktenesta med tilsynstenesta.

Nokre av dei viktigaste oppdragsgjevarane til språktenesta i år har vore Fornyings- og administrasjonsdepartementet, Fiskeri- og kystdepartementet, Finansdepartementet, Nav, Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi), Statens forureiningstilsyn og fylkesmennene.

I 2008 har språktenesta sendt ut åtte utgåver av det elektroniske informasjonsbrevet *Språktips*. I tillegg har

tenesta laga to brosjyrar: *Klårpråk* (bokmål og nynorsk) og *Kort administrativ ordliste bokmål–nynorsk*. Brosjyrane kan tingast frå Språkrådet, eller ein kan lasta dei ned frå nettsidene til Språkrådet.



Foto: Språkrådet

Informasjonsbrosjyrar om klårpråk

## Prosjektet «Klårt språk i staten»

Dette året har språktenesta arbeidd mykje med eit stort prosjekt for betre språk i staten. Fleire av oppdraga i dette prosjektet vil halda fram i 2009 og 2010. Initiativet til prosjektet kjem frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD). Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) har det praktiske og administrative ansvaret. Språkrådet ved språktenesta har det språkfaglege ansvaret.

Prosjektet skal vara fram til 31. desember 2010 og omfattar mellom anna desse tiltaka:

- ei språkleg «verktøykasse» på den nye nettstaden [www.klårpråk.no](http://www.klårpråk.no) med praktiske råd, rettleiingar og dokumentasjon
- ein pris som skal delast ut ein gong i året til ei statleg verksemd som har gjort mykje for å betra språket sitt

- økonomisk og fagleg støtte til statlege verksemdar som ynskjer å gjennomføra eit språkforbettringsprosjekt
- Språktenesta har brukt mykje ressursar på å skriva, retta opp og leggja inn tekstar på nettstaden <http://www.klarspråk.no>.

### Språkdagen 2008

Språktenesta har samarbeidd med Statistisk sentralbyrå om ei brukarundersøking der dei testa skjemaet «Krav om yting ved fødsel og adopsjon» på fire brukarar. Brukarane vart filma medan dei fylte ut skjemaet, og resultatet vart presentert på Språkdagen 2008. Saman med Senter for livslang læring på Lillehammer laga språktenesta ein kortfilm som vart vist på Språkdagen.

## STADNAMNTENESTA

Stadnamntenesta for norske namn er delt inn i fire regionar, og for kvar region er det oppnemnt to konsulentar, éin for nynorsk og éin for bokmål. Konsulentane har fast tilsette sekretærar med kontor ved universiteta i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo. I tillegg er det ein fast tilsett konsulent for kvenske namn i Nord-Noreg med kontor ved Høgskolen i Finnmark (Alta).

Stadnamntenesta er eit rådgjevande organ utan vedtaksmynde. Hovudoppgåva er å gje råd og rettleiing til organ for stat, fylkeskommune og kommune som skal fastsetja stadnamn eller skrivemåten av dei etter reglane i stadnamnlova. Tenesta kan også gje råd om namnsetjing og svara på spørsmål om stadnamn og stadnamnbruk generelt.

Dei regionale stadnamntenestene har i år behandla om lag 4900 namn.

Det årlege fellesmøtet med Statens kartverk vart halde i Oslo i september. Nytt av året var at kollegaer frå Danmark, Finland, Island og Sverige var inviterte. Dette var meint som eit bidrag til tettare samarbeid mellom dei nordiske landa når det gjeld stadnamnrøkt og stadnamnormering.

Eit framlegg om å endra stadnamnlova, slik at endring i skrivemåten av gards- og bruksnamn skal godkjennast av grunneigaren, blir no behandla av Kultur- og kyrkjedepartementet. I ei samrøystes innstilling frå familie- og

### Kompetanseprøver for språkkonsulentar

I 2008 heldt språktenesta kompetanseprøver i nynorsk og bokmål for eksterne språkkonsulentar. Føremålet med desse prøvene er å få kompetente språkkonsulentar som Språkrådet kan visa til når statsorgana bed om tenester som rådgjevarane sjølve ikkje har kapasitet til å ta på seg (t.d. omsetjing eller språkvask av store dokument). 43 konsulentar tok prøva i år, og 20 greidde prøva. Språktenesta har no ei liste med namn på 25 konsulentar som har greidd prøva, 11 nynorskkonsulentar og 14 bokmålskonsulentar.

kulturkomiteen blir det også signalisert at grunnregelen om å følgja gjeldande rettskrivingsprinsipp ikkje skal gjelda skrivemåten av gards- og bruksnamn, og at kravet om einsarta skrivemåte av det same namnet i ulike funksjonar skal opphevast.

### Prosjekt gatenamn

Oslo kommune har sett i gang eit omfattande prosjekt for å få både eit korrekt gatenamnregister og betre retningslinjer for namnsetjing av gater, vegar og plassar i Oslo. I dag finst det tre gatenamnregister for Oslo, og alle inneheld skrivefeil. Det er også mange feil på gatenamnskilt. Stadnamntenesta spelar ei viktig rolle i prosjektgruppa, som i tillegg har medlemmer frå fleire etatar i Oslo kommune.



Foto: Ole Kristian Åsgård

# NORDISK SAMARBEID

## Nordens språkråd

Nordens språkråd vart oppretta av Nordisk ministerråd i 2004 for å leia det nordiske språksamarbeidet. Oppgåva er å fremja internordisk språkforståing, styrkja det nordiske språkfelleskapet og kunnskapen om språka i Norden, fremja ein demokratisk språkpolitikk og styrkja stillinga for dei nordiske språka i og utanfor Norden. Rådet har òg ansvar for samarbeidet mellom dei nordiske språknemndene. Sverige hadde formannskapet i 2008, Noregs representantar i styret var Borghild Abusland frå Kunnskapsdepartementet og Sylfest Lomheim frå Språkrådet.

Ei av oppgåvene til Nordens språkråd er å leia støtteprogrammet «Nordpluss nordiske språk og kultur», og rådet hadde i 2008 ansvar for utdeling av midlar til om lag 40 prosjekt for nordisk samarbeid.

I året som gjekk, heldt rådet fram med å følgja opp den nordiske språkdeklarasjonen som vart vedteken av dei nordiske utdanningsministrane i 2006. Rådet arbeidde òg vidare med den endelege versjonen av ein ny nordisk språkkonvensjon. Konvensjonen skal no òg omfatta rettane til personar med færøysk, grønlandsk og samisk som mormål.

Nordens språkråd har satsa på eit prosjekt med å etablere nordiske språkpilotar innanfor skulen og lærarutdanninga i Norden. Dette skjer etter ynske frå Ministerrådet om ein målretta innsats for grannespråkforståinga. Prosjektet vart sett i gang i 2007 og heldt fram med fleire kurs i år. Praktboka *Nordisk litteratur til tjeneste. Nordiske kanoniske tekster* vart gjeven ut i 2008. Små glosehæfte følgjer med boka.

Frå og med 2009 blir det ei omorganisering av det nordiske språksamarbeidet i Nordisk ministerråd. I år vart det difor arbeidd mykje med planar for denne omorganiseringa, ikkje minst for å sikra kontinuitet i det nordiske språksamarbeidet. Nordens språkråd får ei noko redusert rolle og blir ei ekspertgruppe med færre medlemmer og med berre rådgjevande funksjon. Derimot blir nettverket til språknemndene styrkt med meir støtte og oppstart av eit felles sekretariat.

## Nordisk språkmøte / Nordmålforum

Kvart år arrangerer Nordens språkråd og dei nordiske språknemndene ein konferanse. I år var temaet *Nordisk*



Illustrasjonsfoto: Christoffer Askman / Scanpix

konferanse om språkbruk, språkhaldningar og språkpolitikk. Konferansen vart halden i Helsingør med om lag 80 deltakarar. Fleire av foredraga handla om det store forskingsprosjektet *Moderne importør i språka i Norden*. Nordisk språkråd hadde teke initiativ til gransking av bruk, normer og språkhaldningar, og fram til årsskiftet hadde det resultert i ti delundersøkingar. Fleire foredrag handla om den nordiske språkdeklarasjonen – om mål og moglegheiter –, og eit foredrag gjaldt nordiske språklover og språkutgreiingar i europeisk perspektiv. Det nordiske språksamarbeidet frå dei nordiske årsmøta frå 1954 vart òg debattert. Foredraga frå møtet er publiserte i *Språk i Norden 2008*.

### Språk i Norden

Språknemndene i Norden har sidan 1956 gjeve ut eit felles årsskrift. Hovudtemaet i *Språk i Norden 2008* er 19 artiklar om person- og stadnamn. Stadnamnkonulent Irene Andreassen og stadnamnsekretær Terje Larsen har her skrivne om høvesvis *Kvenske stadnamn i Nord-Norge* og *Stadnamnormering i Noreg*. Her er dessutan ein artikkel om varemerke og ei felles fråsegn frå det nordiske språkmøtet i 2007 om *namnvård och språkpolitikk*. Vidare inneheld skriftet ein artikkel om oppfølginga av den nordiske språkdeklarasjonen, ein artikkel i serien *Språk i fokus* og ei orientering om det nordiske språksamarbeidet i 2007. Ny språklitteratur i Norden er også omtala. Informasjon om innhald og samandrag av artiklar i tidlegare utgåver av årsskriftet er lagd ut på dei nordiske nettsidene.

### Nettverket for språknemndene i Norden

Dei nordiske språknemndene samarbeider på fleire område gjennom eit felles nettverk, som nordiske møte, konferansar og seminar, og dei gjev ut skrifter og rapportar. Nemndene i alle dei nordiske landa har ein nordisk sekretær som kontaktperson for det nordiske samarbeidet. I Språkrådet har Rikke Hauge denne funksjonen. Språkrådet har hatt det økonomiske ansvaret for aktivitetane i nettverket som blir finansierte av Nordens språkråd. Nettverket har sine egne nettsider, <http://www.nordisk-sprakrad.no/>, som blir haldne ved like av Språkrådet og redigerte av den nordiske sekretæren. Der finn ein informasjon om det nordiske språksamarbeidet, aktuelle nordiske prosjekt og konferansar, litteraturtips om språksituasjonen i Norden og om den nordiske språkforståinga. Det er lagt ut lenkjer til språknemndene, Nordens språkråd, Nordisk ministerråd

og fleire organisasjonar og foreiningar som arbeider med nordiske språkspørsmål. Ein del nordiske skrifter og rapportar kan tingast herifrå, og det finst òg lenkjer til rapportar og elektroniske ordbøker med meir.

Den femte nordiske klårspråkkonferansen i regi av det nordiske nettverket vart skipa til i Bålsta i Sverige. Temaet for konferansen var *Myndigheternas webbplatser*. Det blir laga ein rapport frå konferansen.

Språknemndene i Noreg, Sverige og Danmark har skrivne tekstar til Foreningen Nordens undervisningsopplegg «Norden i Bio» (<http://www.nordenibio.org>). Det har tekstar om nordisk språkhistorie, om *falske vener* (ord som berre å sjå til er like i dei nordiske språka) og ei miniordliste mellom dei tre språka. Språkrådet i Noreg har delteke i utarbeidinga av undervisningskompendiet. Temaet i 2008 var *toleranse*, og opplegget er tilrettelagt for bruk i den vidaregåande skulen.

### Nordisk samarbeid om språkteknologi

Språkrådet er med i den arbeidsgruppa for språkteknologi som språknemndene har. I 2008 deltok Språkrådet i fire styringsgruppemøte og var hovudarrangør for det årlege arbeidsseminaret i språkteknologi 23.–24. oktober i Oslo.

#### Arbeidsseminar i språkteknologi

Temaet var omsetjingsteknologi, og på seminaret gjekk ein inn på programvare for maskinomsetjing, kva metode som høver best (statistisk eller regelbasert), sjølve omsetjingsprosessen og diskuterte om det var mogleg å laga ein samanliknande test for denne typen program. Ein rapport frå seminaret ligg på nettsidene til arbeidsgruppa ([http://www.sprakradet.se/servlet/GetDoc?meta\\_id=2229](http://www.sprakradet.se/servlet/GetDoc?meta_id=2229)), der også dei fleste ppt-presentasjonane frå innleiarane ligg som eigne vedlegg. Prosjekt og oppgåver arbeidsgruppa er involvert i, er også tilgjengelege her.

### Harmonisering av svarbasar som språknemndene har

Nettverket for språknemndene i Norden bad i 2007 arbeidsgruppa undersøkje kategorisering og struktur i svarbasane hjå språknemndene. Prosjektrapporten vart presentert på nettverksmøtet i Helsingør i september 2008. Målet med utgreinga var å undersøkje om desse databasane kan harmoniserast og tilpassast internasjonale standardar, slik at det både kan vera lett å utveksla materiale mellom nemndene og samstundes gjera det tilgjengeleg for framtidig forskning. Neste steg er å undersøkje om det kan byggjast eit «skal» på toppen av dei eksisterande basane slik at ein kan søkje i dei frå éin inngang på nettet.

På møtet vart elles ei dansk og ei finsk spørjeundersøking om språkrådgjeving presentert og diskutert. Omlegginga av nettsidene til nemndene vart òg diskutert og erfaringar og idear utveksla.

Arbeidsgruppa har oppretta og administrerer ei nettbasert interessegruppe for språkteknologisk infrastruktur i Norden, som er ein del av forskarnettverket NEALT (Northern European Association for Language Technology). Gruppa følgjer med i det som hender i nordisk språkteknologi, og deltek i andre nettverk og nettverksfremjande aktivitetar i Norden og i Europa.

#### **Nordisk terminologisamarbeid**

Språkrådet er representert i styringsgruppa for den nordiske terminologisamanslutninga Nordterm. Det har vore eitt møte i gruppa.

#### **Nordisk foreining for leksikografi**

Nordisk foreining for leksikografi (NFL) arbeider for å utvikla ordbokarbeidet og ta vare på nordisk leksikografisamarbeid. I januar i år heldt foreininga det årlege symposiet, der temaet var «Ordbokbruk i Norden».

Foreininga har sidan 1994 gjeve ut årsskriftet *Lexico-Nordica. Tidsskrift om leksikografi i Norden*. Temaet i 2008-utgåva (nr. 15) er «Ordbokbruk i Norden». Temadelen inneheld sju artiklar av forfatarar frå alle land i Norden. Under ikkje-tematiske bidrag er det ein artikkel om leksikografi i vitskapsteoretisk perspektiv, og ein om å melda og bli meld vitskapleg. Det finst òg 12 grundige og omfattande omtalar og meldingar av nyare ordbøker. Her finst meir om dette: <http://www.nordisk-sprakrad.no/nfl.htm>.

## INTERNASJONALT SAMARBEID

Språkrådet er med i ei av CLARINs (jf. s. 12) arbeidsgrupper på europeisk nivå. Ho skal arbeida med opphavsrettar og juridiske problemstillingar knytte til tilgjengeleggjering av innhald. Dette er eit problemområde som blir aktuelt i arbeidet med Språkbanken.

Den 6. internasjonale konferansen om språkressursar og evaluering, LREC (Language Resources and Evaluation) gjekk av stabelen i Marrakech i Marokko 26. mai til 2. juni. Konferansane blir haldne annakvart år og gjev eit oversyn over kva som skjer på dei ulike områda av språkteknologien. Meir informasjon og rapportar frå konferansane finst på <http://www.lrec-conf.org>.

#### **FLaReNet**

Fostering Languages Resources Network vart stifta i Marrakech i 2008, og det er eit EU-initiativ for land som arbeider med innsamling av språkressursar til bruk i språkteknologisk samanheng. Noreg kan ikkje delta som fullverdig medlem i dette nettverket, men Språkrådet er støttemedlem og deltek på arbeidsmøte og konferansar. Meir om FLaReNet finst på <http://www.flarenet.eu>.

#### **Europeisk terminologisamarbeid**

Den europeiske terminologiforeininga, EAFT (The European Association for Terminology) er ei alleuropeisk

ideell medlemsamanslutning som har til føremål å føra saman individ og institusjonar som er aktive på terminologiområdet, eller er interesserte i fagterminologi. I juni 2002 vedtok foreininga *The Brussels declaration for international cooperation on terminology*. Fråsegna, som ligg føre på språket til mange av medlemmene, omfattar prinsipp og framlegg til tiltak for å fremja fagspråkkommunikasjon basert på fleispråksbruk. Språkrådet tek sikte på å melda seg inn i foreininga neste år, og som eit ledd i førebuinga er fråsegna vorten omsett til norsk, i to versjonar: *Brussel-erklæringa* (bokmål) og *Brussel fråsegna* (nynorsk).

#### **EFNIL**

European Federation of National Institutes of Languages er ei europeisk samanslutning av språknemnder i EU, pluss språknemndene på Island og i Noreg, som er assosierte medlemmer. Organisasjonen vart skipa i 2003, og Noreg vart medlem i 2004. Den tyske representanten er no leiar i organisasjonen. Den viktigaste saka for tida er å etablere ei formell tilknytning til EU-kommisjonen. Denne kommisjonen har frå 2006 hatt ein eigen kommisær for språkspørsmål.

Møtet i 2008 vart halde i Lisboa, med det portugisiske språkinstituttet som vert. Hovudtemaet var språkbruk og europeisk næringsliv.

# SEKRETARIATET

Direktør	Sylfest Lomheim
Administrasjonssjef	Klara Bøe (slutta 31.7.) Karl Henrik Steinsholt (frå 6.10.)
Fungerande administrasjonssjef	Rikke Hauge (15.7.–5.10.)
Fagkoordinator	Sigfrid Tvitekkja
Informasjonssjef	Svein Arne Orvik
Arkivleiar	Vigdis Nilssen (frå 1.12.) Siri Skaaret (permisjon frå 1.11.)
Seniorrådgjevarar	Torbjörg Breivik Marit Hovdenak Dag Finn Simonsen (frå 1.8.)
Rådgjevarar	Ingrid Forberg Dahlø Hanne Martine Eckhoff (slutta 31.5.) Bård Eskeland Jon Grepstad (slutta 31.8.) Rikke Hauge Jan Hoel Margrethe Winge Kvaernes Svein Nestor Åsta Norheim Torunn Reksten (frå 6.10.) Eilov Runnestø Aud Anna Senje Dag Finn Simonsen (til 31.7.) Jostein Stokkeland (slutta 30.9.) Kjetil Aasen (frå 1.3.)
Førstekonsulentar	Bente Baltzersen (permisjon) Brynjulf Henriksen Anne Hytta (50 %) Daniel Ims (60 % frå 1.9.) Pål Knutzen (80 %) Sabine Rosenhart
Konsulent	Lars Erik Klemsdal
Ekstrahjelp, timebetalt	Jan R. Tislevoll, førstekonsulent



# FAGRÅDA

Språkrådet har fire fagråd. Styret nemner opp medlemmene og peikar ut leiarane for to år om gongen. Kwart fagråd har sju medlemmer. Ein av dei kjem frå sekretariatet og har hand om sekretærfunksjonen.

Fagrådet er ikkje noko saksbehandlingsorgan, men fungerer som forum for strategiske drøftingar på sitt saksområde. Det skal formidla impulsar frå språksamfunnet omkring og gje råd og føreslå tiltak for sekretariatet og for styresmaktene, via styret. Kwart fagråd disponerer ein årleg sum som dei kan bruka til tiltak som dei vurderer som viktige på sitt felt. Difor skal fagråda vera aktive strategiske og språkpolitiske organ på sine område, og dei kan gå inn i samarbeid med aktørar ute i samfunnet.

Det går på omgang mellom fagråda, i samarbeid med direktøren, å ha ansvar for program for og gjennomføring av Språkdagen, den årvisse konferansen om språk som Språkrådet arrangerer.

På ei fellessamling i 2008 diskuterte fagrådsmedlemmene og sekretariatet roller og grensegang mellom dei ulike organa i Språkrådet og då særleg korleis fagråda kan og skal fungera i høve til sekretariatet. Etter planen skal ein ha slike sammøte kvart år frametter.

Ordninga med fagråd vart evaluert i 2008. Det var ynske frå fagråda om at oppnemningsperioden bør vera fire år i staden for to, og styret vil vurderer å få dette endra frå 2010.


## Fagråd for samfunn og høgre utdanning (fagråd 1)

- Ingebjørg Sæbu, vaksjef i NRK Dagsrevyen, **leiar**
- Trond Andreassen, generalsekretær i Norsk faglitterær forfatter- og oversetterforening
- Unn Røyneland, postdoktor ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo og førsteamanuensis 2 ved Ivar Aasen-instituttet, Høgskulen i Volda
- Dag Finn Simonsen, seniorrådgjevar i sekretariatet i Språkrådet, **fagrådssekretær**
- Hadia Tajik, politisk rådgjevar, Justisdepartementet
- Kåre Verpe, informasjonsdirektør i Næringslivets Hovedorganisasjon

- Øyvind Østerud, professor i statsvitenskap ved Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo

## Fagråd for skole og offentleg forvaltning (fagråd 2)

- Åse Lill Kimestad, lærebokforfattar og rektor ved Vågsbygd videregående skole, Kristiansand, **leiar**
- Torbjørg Breivik, seniorrådgjevar i sekretariatet i Språkrådet, **fagrådssekretær**
- Ove Eide, forfattar og leiar for utvikling og fornying ved Firda vidaregåande skule, Sandane
- Trine Gedde-Dahl, høgskulelektor ved Høgskolen i Oslo, Avdeling for lærarutdanning og internasjonale studium (LUI), Oslo
- Tor Fagerland, formidlingsleiar ved Den norske opera
- Atle Måseide, instituttleiar og førsteamanuensis ved Institutt for filosofi, Universitetet i Tromsø
- Arvid Samland, kommunikasjonsrådgjevar/nettredaktør, Statsministerens kontor



### Fagråd for normering og språkobservasjon (fagråd 3)

- Helge Dyvik, professor ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen, **leiar**
- Ellen Andenæs, førsteamanuensis ved Institutt for språk- og kommunikasjonsstudium, NTNU
- Oddrun Grønvik, hovudredaktør for *Norsk Ordbok* 2014 og forskar ved Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Universitetet i Oslo
- Endre Brunstad, førsteamanuensis ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen
- Ingrid Kristine Hasund, førsteamanuensis ved Fakultetet for teknologi og realfag ved Universitetet i Agder
- Marit Hovdenak, seniorrådgjevar i sekretariatet i Språkrådet, **fagrådssekretær**
- Inge Særheim, professor ved Institutt for kultur- og språkvitskap ved Universitetet i Stavanger

### Fagråd for terminologi og fagspråk (fagråd 4)

- Johan Myking, førsteamanuensis ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium ved Universitetet i Bergen, **leiar**
- Ingrid Forberg Dahlø, rådgjevar i sekretariatet i Språkrådet, **fagrådssekretær**
- Håvard Hjulstad, prosjektleiar i Standard Norge
- Knut Jonassen, prosjektleiar i Standard Norge
- Marita Kristiansen, førsteamanuensis i engelsk og terminologi, Institutt for fagspråk og interkulturell kommunikasjon, Noregs handelshøgskole
- Anna Nesje, språkansvarleg og journalist i NTB
- Raida Ødegaard, manuskriptredaktør i *Tidsskrift for Den norske legeförening*

# STADNAMNTENESTA

## Sekretærar:

Seniorrådgjevarar	Irene Andreassen, Høgskolen i Finnmark Terje Larsen, Universitetet i Oslo
Rådgjevarar	Astrid Sann Evensen, Universitetet i Tromsø Annika Odland, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet Kjell Erik Steinbru, Universitetet i Bergen
Ekstrahjelp	Line Heinesen, Universitetet i Oslo Ingvil Nordland, Universitetet i Oslo Annika Odland, Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet Jana Vollestad, Universitetet i Oslo

## Konsulentar

Oslo	Botolv Helleland (nyno.) Boye Wangenstein (bm.)
Bergen	Ole-Jørgen Johannessen (bm.) Oddvar Nes (nyno.)
Trondheim	Eli J. Ellingsve (bm.) Ola Stemshaug (nyno.)
Tromsø	Eva Forsaa Mikkelsen (bm.) Finn Myrvang (nyno.)
Alta	Irene Andreassen, kvensk/finsk

## Klagenemnda for stadnamnsaker

### Medlemmer:

Dag Michalsen, Universitetet i Oslo, **leiar**  
Laila Susanne O. Oskarsson,  
Universitetet i Tromsø, **nestleiar**  
Marit Halvorsen, Universitetet i Oslo  
Tom Schmidt, Universitetet i Oslo  
Inge Særheim, Universitetet i Stavanger  
Eira Söderholm, Universitetet i Tromsø  
Oddlaug Bringe Walaker, Luster

### Varamedlemmer:

Margit Harsson, Universitetet i Oslo  
Jorunn Vandvik Johnsen, Oslo  
Anna-Riitta Lindgren, Universitetet i Tromsø  
Endre Mørck, Universitetet i Tromsø

## BUDSJETT OG REKNESKAP

Opphavleg løyving	21 020 000
Overført overskot for 2007	1 675 000
	720 000
<b>Sum løyving 2008</b>	<b>23 415 000</b>

	Rekneskap 2007	Budsjett 2008	Rekneskap 2008
01 Løn og godtgjerster	11 971 917	13 829 034	13 964 602
01 Varer og tenester	8 288 242	9 585 966	10 654 404
<b>Sum kapittel 0326</b>	<b>20 260 159</b>	<b>23 415 000</b>	<b>24 619 006</b>
01 Ymse inntekter	581 518	104 000	167 593
16 Refusjonar	111 882	100 000	372 549
<b>Sum kapittel 3326</b>	<b>693 400</b>	<b>204 000</b>	<b>540 142</b>
Inntekter	693 400		540 142
Inntektskrav	-204 000		-204 000
Sum løyvingar	21 446 000		23 415 000
Rekneskapsførte kostnader	-20 260 159		-24 619 006
Resultat	1 675 240		-867 864

### Likestilling

	Totalt		Lederstillinger		Andre stillinger	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Kjønnsfordeling – alle tilsette (%)	52	48	25	75	56	44
Kjønnsfordeling – heiltidstilsette (%)	50	50	25	75	55	45
Kjønnsfordeling – deltidstilsette (%)	60	40			60	40
Gjennomsnittsløn (i 1 000 kr)	427	458	496	613	422	419

Språkrådet har ei tilnærma lik fordeling av kvinner og menn i stillingar på alle nivå i organisasjonen. Unntaket er leiargruppa, som består av éi kvinne og tre menn.

# VEDTEKTER FOR SPRÅKRÅDET

## § 1 Formål og oppgaver

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og skal særleg arbeida med å styrkja det norske språkets status i notid og framtid og å forvalta dei to offisielle norske språknormene. Språkstyrkingsarbeidet omfattar både norsk språk generelt og den nynorske målforma spesielt.

Språkrådet skal verna om den kulturarven som norsk skriftspråk og talespråk representerer, fremja tiltak som kan auka kunnskapen om norsk språk, fremja toleranse og gjensidig respekt i forholdet mellom alle som brukar norsk språk i den eine eller andre varianten, og verna om dei rettane som kvar enkelt borgar har når det gjeld bruken av språket.

Språkrådet skal også ta omsyn til den totale språksituasjonen i landet, slik denne kjem til uttrykk gjennom dei språklege interessene til nordmenn med samisk eller minoritetsspråkleg bakgrunn eller tilknytning.

Språkrådet skal observera og analysere aktuelle utviklings-trekk i heile det norske språksamfunnet og bør på eige initiativ leggja til rette for tenleg samarbeid med både private og offentlege aktørar innanfor ulike samfunnssektorar.

Språkrådet skal driva utoverretta informasjonsverksemd og i rimeleg omfang gi råd og rettleiing til alle som vender seg dit med språklege spørsmål.

## § 2 Rammer for verksemda

Språkrådet er administrativt underlagt Kultur- og kyrkjedepartementet. Det består av eit fast sekretariat under leiing av ein direktør tilsett av departementet. Den øvste leiinga ligg til eit styre oppnemnt av departementet. Verksemda i sekretariat og styre skal så langt råd er byggja på eit førebuande arbeid i eit system av fagråd oppnemnde av styret.

Språkrådet skal følgja opp språkpolitiske mål og strategiar som blir fastlagde av overordna styresmakt. I enkeltspørsmål kan

Språkrådet uttala seg og gi råd etter eige skjon om kva tiltak som best tener språkpolitiske mål.

Språkrådet har ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter og skal uttala seg om spørsmål som andre styresmakter legg fram for det.

Språkrådet skal representera Noreg i nordisk og internasjonalt språksamarbeid.

Departementet kan tillegga Språkrådet spesifikke oppgaver og eventuelle fullmakter innanfor definerte saksfelt, om nødvendig med nærmare reglar om saksførebuing og avgjerdsprosedyre.

## § 3 Styret – samansetjing og oppgaver

Styret har det overordna ansvaret for verksemda i Språkrådet og skal behandla og avgjera alle viktige og prinsipielle spørsmål.

Styret kan etter behov gi nærmare retningslinjer for ansvars- og arbeidsdelinga mellom styre og direktør.

Styret skal ha sju medlemmer og tre varamedlemmer. Av desse skal éin medlem og éin varamedlem oppnemnst etter val av og blant dei som er fast tilsette i sekretariatet i minst halv stilling, utanom direktøren. Dei to skal representera kvar si målform og skal vera respektive medlem og varamedlem i kvar sin halvdel av funksjonsperioden på fire år.

Det skal elles oppnemnst tre representantar og i tillegg éin vararepresentant for kvar målform.

Departementet peikar ut styreleiar blant dei tre faste medlemmene frå den eine målforma og nestleiar frå den andre målforma. Styret er vedtaksført når anten leiar eller nestleiar og minst fire andre medlemmer eller varamedlemmer er til stades.

Direktøren har ansvaret for å førebu styremøta og for å ivareta sekretariatsfunksjonen for styret.

## § 4 Fagråda – samansetjing og oppgaver

Fagråda har eit særleg ansvar for å sikra at Språkrådet har breiast mogleg samfunnskontakt for arbeidet sitt. Dei skal formidla synspunkt og impulsar frå det norske språksamfunnet til styre og sekretariat og skal på tenleg måte drofta og førebu større saker som skal avgjerast i styret. Fagråda har høve til å ta sjølvstendige initiativ innanfor eige arbeidsområde.

Arbeids- og ansvarsområdet for kvart råd skal fastsetjast av styret. Fag- og oppgaveprofilen deira kan justerast over tid avhengig av aktuelle utfordringar og strategiske prioriteringar. Etter behov kan styret også fastsetja nærmare retningslinjer for arbeidsog ansvarsdelinga mellom fagråda på den eine sida og styre og sekretariat på den andre sida.

Det kan oppnemnst inntil fire fagråd med inntil sju medlemmer i kvart, medrekna ein medlem frå sekretariatet i kvart råd. Denne skal også fungera som sekretær for vedkomande fagråd og skal delta i styremøta med talerett når styret behandlar saker som høyrer inn under fag- og ansvarsområdet til vedkomande fagråd.

Fagrådsmedlemmene skal ikkje oppnemnst som interesserepresentantar, men styret må sikra at kvart fagråd er breitt samansett og har nødvendig fagkompetanse.

Begge målformer må vera representerte i alle fagråda. Av det samla talet på fagrådsmedlemmer skal det vera tilnærma like mange representantar for kvar målform.

Medlemmene i kvart fagråd skal oppnemnst for to år om gongen. Styret utpeikar leiar og eventuell nestleiar. Dei i sekretariatet som til kvar tid er medlem av dei respektive fagråda, har i samråd med direktøren og fagrådsleiaren eit særleg ansvar for å leggja til rette for rasjonell koordinering og tenleg samarbeid mellom sekretariatet og fagrådet.

(Fastsatt av Kultur- og kirke departementet 25. april 2006)

